

Grunnlaget for handsaming av nærings saker i Luster kommune.

Vedteke av kommunestyret 25.02.16

Utgangspunktet for sakshandsaming av nærings saker som gjeld finansiering i Luster kommune er «*Vedtektene for konsesjons- og næringsfondet*».

Den næringspolitiske praksisen til Luster kommune har vore at lån kan gjevast til fysiske investeringar som bygg, maskiner, utstyr o.l. Det vert ikkje gjeve lån til køyretøy.

Tilskot kan gjevast til finansiering av bedriftsutviklingstiltak som oppstarting, marknadsføring, opplæring, produktutvikling etc.

Næringsutvalet har fullmakt til å yte inntil 150.000 kr i tilskot og inntil 500.000 kr i lån. Saker med storleik utover dette vert handsama av kommunestyret.

Innhald

1.1 Lån	2
1.2 Tilskot	2
1.3 Nokre overordna grunnhaldningar	3
1.4 Tilhøvet til Innovasjon Noreg og andre finansieringskjelder	3
1.5 Hovudsyn på kommunal medverknad til finansiering i nokre bransjar	4
1.5.1 Varehandel og service	4
1.5.2 Transport/bygg/anlegg	4
1.5.3 Reiseliv	4
1.5.4 Småkraft	5
1.5.5 Industri	5
1.5.6 Landbruk	5
1.5.7 Bygdeutviklingsarbeid	6
1.6 Utbetaling - rutinar	6

1.1 Lån

Nivå på lån i næringsfondet kan variere mellom 15% og 25% av kostnadene på tiltaket som skal finansierast. Vanleg praksis er at 20% av kostnadene på eit tiltak kan finansierast med lån frå kommunen. Det gjeld og rentefrie landbrukslån.

Regelverket gjev høve til inntil 3 års rente- og avdragsfri periode, 2 år er vanleg rente- og avdragsfri periode. Låna har pr dato 4 % rente.

Nedbetalingstida vil variere etter kva formål lånet har, dvs forventa levetid på objektet som skal finansierast. Investering i bygg kan såleis gje lån med nedbetaling over 15 år.

Det bør ikkje vere over to millionar til saman i lån frå næringsfondet til ei verksemd/eit engasjement/eit tiltak.

Låna er til vanleg pantelån, med sikkerheit etter bank og eventuelt Innovasjon Noreg. Ved overskridingar der det vert vedteke tilleggsfinansiering til eit prosjekt, vil kommunen ofte halde på opphavleg prioritet. Dei siste åra har det vore lite tap på lån.

Næringsutvalet kan til vanleg handsame prioritetsvik for eksisterande næringslån, i høve nye lån frå anna långjevar.

Næringsutvalet kan vedta nye vilkår for nedbetaling av eksisterande næringslån.

Leasing er ei finansieringsform som ikkje gjev eigedomsrett til objektet som vert finansiert. Objekt som er finansiert gjennom leasing skal ikkje takast med i kostnadsplanen som Luster kommune legg til grunn for vurdering av storleik på næringslån.

I tilfelle det ikkje er aktuelt å yte pantelån, vil låna bli gjevne som gjeldsbrevlån.

1.2 Tilskot

Storleiken på tilskot er og til vanleg 20 - 30% av kostnaden på tiltaket som skal finansierast. Nivå på tilskot skal vurderast ut frå potensiale på arbeidsplassar og udekka tenestebehov i Luster.

Det skal vere relativt betydelege satsingar før kommunen går inn og tek del i finansieringa. Tiltak som er meir å rekne som vanleg drift vil ikkje bli prioriterte for kommunal medfinansiering.

Ved oppstarting av mindre verksemder/ einmannsføretak er praksis som fylgjer:

I slike saker har det vore gjeve eit skjønsmessig oppstartingstilskot, som skal dekke deler av dei spesielle kostnadene som kjem i samband med oppstarting (registrering, marknadsarbeid, kontoretablering, kjøp av utstyr i oppstartingsfasen, låg produktivitet i oppstartingsfasen m.m). Det kan takast med eige arbeid inntil 75 timar a kr 300 i kostnadsoppsettet.

Oppstartingstilskotet skal ikkje overstige 50% av kostnadene med oppstart.

Oppstartingstilskotet har variert noko, alt etter storleik på tiltaket og forventa kostnader i startfasen. Til vanleg er tilskot til oppstarting kr 30.000.

Det er ein føresetnad for å få oppstartingstilskot at søkjar tilfører nye tilbod eller vekst i det samla næringsliv.

Det vert ikkje prioritert å gje oppstartingstilskot der ei verksemd får ny eigar, men går vidare utan vesentlege endringar.

Det er ikkje prioritert å gje oppstartingstilskot der ein persona sluttar i ei verksemd og etablerer ny verksemd i same bransje.

Luster kommune kan gje støtte til etablering av kontor for å arbeide frå eigen heim. Personar som flytter til kommunen og etablerer kontor vil ha prioritet.

Det kan og gjevast støtte til etablering av kontor i tilfelle der personar får arbeid i andre deler av landet, men kan halde fram med å bu i Luster ved å etablere kontor her.

Det vert ikkje ytt tilskot til personar som arbeider i regionen og som arbeider heime ein eller to dagar i veka.

1.3 Nokre overordna grunnhaldningar

Løpande utskifting av utstyr/maskiner/køyretøy i eit føretak som er i drift er ikkje prioritert. Reell nyinvestering/nysatsing for å auke aktivitet, utvikle teknologisk nivå, auke produktivitet og sysselsette fleire, vil ha høgre prioritet.

Luster kommune prioriterer ikkje å yte lån til kjøp av bygg og brukt utstyr.

Finansiering av nybygg har prioritet. Det må vere betydelege oppgraderingar/opprusting/utviding av eksisterande bygg før Luster kommune skal gå inn med finansiering.

Nokre av dei som vil starte eiga verksemd, vil gjere dette samstundes som dei er i løna arbeid på full tid. Luster kommune vil prioritere dei som satsar så mykje på sin ide eller si verksemd at dei – som hovudregel – vil bruke minimum 50 % av arbeidstida på dette.

Tilskot til opplæring i samband med nyttilsetjing vil berre ha prioritet dersom talet på tilsette reelt aukar og det er særlege krav til kompetanse hos dei nyttilsette.

Støtte til opplæring elles vert prioritert i dei tilfella verksemda gjer eit «kompetanseløft» som krev betydeleg ny opplæring og kvalifisering hjå dei tilsette. Støtte til løpande, nødvendig fagleg oppdatering av dei tilsette er ikkje prioritert.

Verksemder i bransjar med marknad utafor kommunen og regionen vil ha prioritet.

Bakgrunnen for det er vekstpotensialet sin storleik. Forretningsområde som ikkje finst i kommunen/regionen vil og vere interessant sjølv om marknaden er lokal.

Hovudprinsippet om å unngå konkurransevriding, dvs «den enes død - den andres brød» gjeld. Det kan likevel – i nokre tilfelle - vere bra å få utbyting i ein bransje, og det kan vere sunt å få inn personar/verksemder med spesielle kvalitetar.

Luster kommune kan i særskilde tilfelle bidra med finansiering til regionale prosjekt for å utvikle den regionale arbeidsmarknaden, sjølv om den primære arbeidsplassveksten ikkje skjer i Luster. Eit døme kan vere «prosjekt for å auke statlege arbeidsplassar i Leikanger/Sogndal»

1.4 Tilhøvet til Innovasjon Noreg og andre finansieringskjelder

Utgangspunktet for kommunen sitt næringsarbeid er å arbeide aktivt for maksimal medfinansiering frå andre offentlege finansieringsinstitusjonar for prosjekt og verksemder i Luster.

Det er eit godt samarbeid med Luster Sparebank og andre bankar i nærings saker.

Næringsarbeidet Luster kommune må vere i samsvar med dei internasjonale regelverk Noreg har slutta seg til på statsstøtteområdet.

Sakene som gjeld støtte til private verksemder er innafor ordninga ”bagatellmessig støtte” i EØS-reglane. Det betyr i praksis at ei verksemd ikkje kan får tilskot eller andre økonomiske subsidiar frå det offentlege på over 200.000 Euro over ein periode på tre år.

1.5 Hovudsyn på kommunal medverknad til finansiering i nokre bransjar

1.5.1 Varehandel og service

Kommunen har vore varsam med å gje støtte til oppstart av butikkar i bransjar som alt finst i kommunen. Bakgrunnen for ei slik haldning er at eit nytt føretak i ein pressa bransje kan føre til at det alt eksisterande tilbodet må leggje ned.

Når det gjeld daglegvarer har kommunen vore med å støtta etablering/utvikling av kolonialbutikker, men då er argumentasjonen at det er viktig med eit butikktilbod i den aktuelle bygda.

Fellestiltak for å løfte nivået på kompetansen i bransjen vil kunne få kommunal medfinansiering.

Tenesteytande næringer er ei vekstnæring på landsbasis. Dette er ofte verksemder som opererer i ein regional og/eller nasjonal marknad. Å yte delfinansiering til både nyetablering og vidareutvikling av slik aktivitet er prioritert. Det gjeld innan område som rekneskap og økonomisk rådgjeving, revisor, advokat, arkitekt, ingeniørtjenester, data, reklame og profilering, marknadsføring m.m.

Ved investering i taxi tilpassa rullestolbrukarar løyver Luster kommune 30% inntil kr 30.000 i tilskot for å finansiere ombygginga.

1.5.2 Transport/bygg/anlegg

Dette er bransjar med relativt mange aktørar og sysselsette i Luster.

Det er viktig å ha ein entreprenørstand med formell kompetanse og offentlege godkjenningar, som set dei i stand til å rekne på større oppdrag, både i regionen og elles.

Luster kommune vil ikkje prioritere kommunal medfinansiering innan transport, bygg og anlegg; det gjeld både oppstart av nye verksemder og investering i eksisterande selskap.

1.5.3 Reiseliv

Luster kommune er med og finansierer felles marknadsarbeid, produktutvikling og turistinformasjon i reiselivet. Det skjer gjennom selskapet Visit Sognefjord AS. Luster kommune gjekk inn med kr 77.753 kroner i aksjekapital i selskapet.

Luster kommune yter og saman med dei andre kommunane i Sogn årlege bidrag til selskapet, avtalefesta i 2016 (kr 429.000), 2017 og 2018.

Kommunen er med og yter lån til oppbygging, utviding, utvikling og standardheving av reiselivsverksemder.

Kommunen kan og vere med på marknadssatsing hjå einskildverksemder eller grupper av desse, om det er særleg godt gjennomarbeidde opplegg med betydeleg satsing frå verksemda sjølv.

Luster kommune kan yte tilskot til utvikling av nye tiltak og vidareutvikling av eksisterande. Tiltak innan sesongutviding er og prioriterte.

Marknaden til reiselivet er internasjonal, og har såleis ingen lokal avgrensing.

Særleg på aktivitetssida er det viktig å få fram nye produkt og utvikle eksisterande.

Eksisterande aktivitetsverksemder innan reiseliv som gjennomfører utviklingsprosjekt (både bedriftsutviklingstiltak og investering i utstyr) vil kunne få kommunalt tilskot til dette, inntil 30% av kostnaden.

Det er fleire som leiger ut ledige rom til turistar. I utgangspunktet må ei nyetablering innan overnatting vere av ein viss storleik før Luster kommune yter finansiering frå næringsfondet. Ei nyetablering skal vere på minimum 3 utleiehytter eller 6 -10 sengeplassar i pensjonat/gjestehus o.l. før Luster kommune er med og yter finansiering.

1.5.4 Småkraft

Då Luster kommune gjekk inn med delfinansiering av ”småkraftprosjektet”, vart det konkludert med at kommunen ikkje skal nytte økonomiske ressursar til finansiering av einskildprosjekt. Dette gjeld både i høve både utgreiingar, planlegging og utbyggingar. Luster kommune sin medverknad til småkraftutbygging, er såleis delfinansiering av småkraftprosjektet. Dette prosjektet er avslutta.

1.5.5 Industri

Industrien er ein viktig og veksande bransje i Luster. Det gjev eit breitt utval av arbeidsplassar. Det er verksemdar som operer i både regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Det er viktig for kommunen å vere ein offensiv aktør og tilretteleggjar for industrien i Luster. Her bør unikt produkt kombinert med god forretningsidé og god forretningsplan vere viktig del.

1.5.6 Landbruk

Landbruket har gjennom Innovasjon Noreg og midlar Fylkesmannen disponerer, som eigne finansierings- og støtteordningar. SMIL-midlane som vert løyvde av Fylkesmannen, og fordelte av kommunen går og i hovudsak mot landbruket.

Bønder som vil starte med alternative næringsprosjekt i tilknytning til garden vil bli vurdert på like line med andre etablerarar. Fram til no har IN hatt relativt gode finansieringsordningar til dei som startar tilleggsnærings på garden.

Det skal etablerast eit eige prosjekt for å stimulere til positiv utvikling innan mjølkeproduksjon og storfeproduksjon.

Kommunen skal og delta i utviklingsarbeid innan skogbruket i eit interkommunalt prosjekt.

Finansieringsordningar for landbruket

Kjøp av mjølkekvotar:

- Til kjøp av mjølkekvotar vert det ytt eit tilskot på 30% av kostnad. Øvre grense for tilskot kr 2,50 pr.liter.

Planleggingstilskot driftsbygningar:

- Til planlegging av driftsbygningar i landbruket vert det ytt eit planleggingstilskot på 75% av godkjend kostnad, inntil kr 50 000 i tilskot pr. prosjekt.

Lån til driftsbygningar:

- Gjennom næringsfondet vert det ytt lån på 20 % av godkjent kostnadsoverslag. Lånet er avdragsfritt i to år, nedbetaling over dei 13 neste åra. Lånet er rentefritt i heile løpeperioden. Nedre grense for å koma inn under ordninga er godkjent kostnadsoverslag på minst kr 500 000.

Ungdomssatsing:

- Som ungdomssatsing og for å stimulera til raskare generasjonsskifte i landbruket, vert det ytt eit oppstartingstilskot til ny eigar på kr 50 000 ved overtaking av gardsbruk som oppfyller minimumskravet til odlingsjord. Øvre aldersgrense for å motta tilskot 34 år, personleg bu- og driveplikt i 5 år frå overtakingsdato.

Nydyrking:

- Kr 1 000 pr. daa

Vatningsanlegg:

- 20% av dokumentert kostnad

Landbruksvegar:

- 10% tilskot til anlegg som i tillegg får statstilskot, 20% til anlegg som ikkje får statstilskot.

Bærplanting:

- Kr 4 000 pr. daa jordbær. Kr 2 000 pr. daa replanting. Tilskot til frostførebyggjande tiltak i jordbær individuelt vurdert.
- Kr 5 000 pr. daa bringebær.

Veterinærordning - driftstilskot:

- Til kontorhald og vaktordning. Årleg budsjettvurdering.

Tilskot til hjortegjerde (viltfondet):

- 75% av dokumentert kostnad (utlegg).

1.5.7 Bygdeutviklingsarbeid

Bygdeutviklingsarbeid på ulike måtar har dei siste 10 åra vore ein relativt viktig del av næringsutviklingsarbeidet i Luster. Kommunen vil vere deltakar både med økonomiske bidrag og rådgjeving i høve bygdeutviklingsprosessar, også i framtida. Bygdeutviklingsprosjekt der andre offentlege aktørar er med på finansieringa vil ha prioritet.

1.6 Utbetaling - rutinar

Etter at ei sak er ferdig handsama i næringsutvalet/ kommunestyret skriv administrasjonen eige brev med melding om vedtaket til søkjaren. Brevet går i kopi til evt. andre finansieringsaktørar. Brevet inneheld og opplysningar om kva som skal til for å få utbetalt lån og tilskot, klagerettar o.l.

Luster Sparebank utfyller lånepapir og syter for rett pant. Lånemottakaren må såleis innom banken og skrive under på papira. Administrasjonen i kommunen gjev utbetalingsfullmakt for lån til banken, når det føreligg ein fullstendig finansieringsplan for prosjektet og eigenkapitalen i tiltaket er nytta.

Når det gjeld tilskot kan inntil 75% av summen utbetalast på forskot når prosjektet tek til. Restutbetaling skjer når prosjektet er ferdig og det føreligg sluttrekneskap. For selskap utan revisjonsplikt og mindre tilskot til aksjeselskap godtek ein rekneskapsoppsett frå selskapet, ev deira rekneskapsførar. Større tilskot til aksjeselskap skal til vanleg levere rekneskapsoppsett som er revisorbekrefta, før restutbetaling kan skje.